


FANGST OG SKJELPRØVAR I HJALMA

Fangststatistikk


I perioden 1986 til 2006 var gjennomsnittleg årsfangst 29 laks med snittvekt på 2,9 kg, og 6 sjøaurar med snittvekt på 1,2 kg. I 2006 var fangsten 38 laks (snittvekt 3,3 kg), som er eit resultat på det jamne, og 5 sjøaure (snittvekt 3,2 kg), som er lite, men ikkje ulikt det ein har registrert tidlegare år.



FIGUR 1. Fangst i antal (søyler) og snittvekt i kg (linje/punkt) av laks og sjøaure i Hjalma i perioden 1986-2006. Frå 1979 er laksefangstane skild som tert (<3 kg, grøn søyle) og laks (>3 kg, blå søyle), frå 1993 er det skild mellom smålaks (<3 kg, grøn søyle), mellomlaks (3-7 kg, raud søyle) og storlaks (>7 kg, svart søyle).

Innslag av rømt oppdrettslaks


I perioden 1999-2006 er det samla analysert skjelprøvar av 199 laks og 5 sjøaurar. Bortsett frå 2001 og 2003 har andelen rømt oppdrettslaks vore låg i Hjalma.



Vekst i elv og sjø

Dei fleste laks- og aureungar er 2-3 år i Hjalma før dei går ut i sjøen, ved ei lengd på 12-15 cm. Sjøveksten er ulik for dei to artane, ved at laksen normalt veks ca. 30-35 cm første året i sjø, medan sjøauren normalt veks 12-14 cm.

Laksen som gjekk ut or elva i 2004 har hatt god vekst og overleving og det resulterte i gode fangstar av smålaks i 2005 og mellomlaks i 2006. Smoltårgangen frå 2005 ser ut til å ha overlevd dårlegare i havet, og det er venta reduserte fangstar av mellomlaks i 2007.



For meir informasjon sjå www.radgivende-biologer.no



Rådgivende Biologer AS

Bredsgården, Bryggen, 5003 Bergen

Tlf: 55 31 02 78 / fax: 55 31 62 75


E-post: post@radgivende-biologer.no

www.radgivende-biologer.no

FANGST OG SKJELPRØVAR I EIDSELVA

Fangststatistikk


Årlege laksefangstar har stort sett variert mellom 300 og 500 fisk, sjølv om fangstane enkeltår har vore høgare. I 2006 vart det fanga 656 laks med ei snittvekt på 4,2 kg, det tredje beste resultatet for perioden. Med unntak av 2005 har fangstane av sjøaure auka jamt sidan midt på 1980-talet, og i 2005 vart det fanga 923 sjøaure (snittvekt 1,2 kg), det beste resultatet sidan 1996.



FIGUR 1. Fangst i antal (søyler) og snittvekt i kg (linje) av laks og sjøaure i Eidselva i perioden 1969-2006. Frå 1979 er laksefangstane skild som tert (<3 kg, grøn søyle) og laks (>3 kg, blå søyle), frå 1993 er det skild mellom smålaks (<3 kg, grøn søyle), mellomlaks (3-7 kg, raud søyle) og storlaks (>7 kg, svart søyle).


Innslag av rømt oppdrettslaks

I perioden 1999-2006 har det samla vore analysert skjelprøvar av 2139 laks og 1266 sjøaurar fanga ved sportsfiske. Etter at andelen rømt oppdrettslaks minka jamt frå 2001 og var nede i under 3 % i 2005, auka andelen til 7,5 % i 2006. Dette er det høgaste innslaget dei siste fem åra.



Vekst i elv og sjø

Dei fleste laks- og aurengar i Eidselva går ut etter 2-3 år, ved ei lengd på 14-16 cm. Men over 90 % av sjøauren fanga i Eidselva har hatt eitt eller fleire år i Hornindalsvatnet før utvandring til sjø. Gjennomsnittleg smoltalder og -lengd for desse fiskane er 4 år og 31 cm. Sjøveksten er ulik for dei to artane. Medan laksen normalt veks ca. 30-35 cm første året i sjø, veks sjøauren frå Eidselva 14-16 cm og sjøauren frå Hornindalsvatnet berre 8-9 cm.



Laksen som gjekk ut or elva i 2004 har hatt god vekst og overleving, og det har resultert i gode fangstar av smålaks i 2005 og mellomlaks i 2006. Smoltårgangen frå 2005 ser ut til å ha overlevd dårlegare i havet, og det er venta reduserte fangstar av mellomlaks i 2007, sjølv om fangstane av smålaks i 2006 ikkje var så redusert i Eidselva som i mange andre elvar.

For meir informasjon sjå www.radgivende-biologer.no



Rådgivende Biologer AS

Bredsgården, Bryggen, 5003 Bergen

Tlf: 55 31 02 78 / fax: 55 31 62 75


E-post: post@radgivende-biologer.no

www.radgivende-biologer.no

FANGST OG SKJELPRØVAR I LOENELVA

Fangststatistikk


I perioden 1969-2006 var gjennomsnittleg årsfangst 44 laks med snittvekt på 5,8 kg, og 171 sjøaurar med snittvekt på 1,3 kg. Villaksen var freda i åra 2000-2002. I 2006 vart det fanga 31 laks med ei snittvekt på 4,6 kg, og 301 sjøaure med snittvekt på 1,3 kg. Sjøaurefangsten er mellom dei beste som er registrert i Loenelva.



FIGUR 1. Fangst i antal (søyler) og snittvekt i kg (linje) av laks og sjøaure i Loenelva i perioden 1969-2006. Frå 1979 er laksefangstane skild som tert (<3 kg, grøn søyle) og laks (>3 kg, blå søyle), frå 1993 er det skild mellom smålaks (<3 kg, grøn søyle), mellomlaks (3-7 kg, raud søyle) og storlaks (>7 kg, svart søyle). Villaksen var freda 2000-2002.


Innslag av rømt oppdrettlaks

I perioden 1999-2006 er det samla og analysert skjelprøvar av 75 laks og 94 sjøaurar. Andelen rømt oppdrettlaks har minka jamt dei tre siste åra, frå 25 % i 2003 til 0 % i 2006.



Vekst i elv og sjø

Dei fleste laks- og aureungar er 2-3 år i Loenelva før dei går ut i sjøen, ved ei lengd på 12-16 cm. Sjøveksten er ulik for dei to artane, ved at laksen normalt veks ca. 30-34 cm første året i sjø, medan sjøauren veks 12-14 cm.



For meir informasjon sjå www.radgivende-biologer.no



Rådgivende Biologer AS

Bredsgården, Bryggen, 5003 Bergen

Tlf: 55 31 02 78 / fax: 55 31 62 75


E-post: post@radgivende-biologer.no

www.radgivende-biologer.no

FANGST OG SKJELPRØVAR I OLDENELVA

Fangststatistikk


I perioden 1969-2006 var gjennomsnittleg årsfangst 76 laks med snittvekt på 6,7 kg, og 167 sjøaurar med snittvekt på 1,6 kg. Villaksen var freda 2000-2002. I 2006 vart det fanga 62 laks med ei snittvekt på 4,2 kg, og 119 sjøaure med snittvekt på 1,7 kg.



FIGUR 1. Fangst i antal (søyler) og snittvekt i kg (linje) av laks og sjøaure i Oldenelva i perioden 1969-2006. Frå 1979 er laksefangstane skild som tert (<3 kg, grøn søyle) og laks (>3 kg, blå søyle), frå 1993 er det skild mellom smålaks (<3 kg, grøn søyle), mellomlaks (3-7 kg, raud søyle) og storlaks (>7 kg, svart søyle). Villaksen var freda 2000-2002.


Innslag av rømt oppdrettslaks

Frå sportsfisket i perioden 1999-2006 er det samla analysert skjelprøvar av 200 laks og 195 sjøaurar. Andelen rømt laks i dei åra med fritt fiske har variert mellom 33 % i 1999 og 8 % i 2004. Etter ein kraftig auke att i 2005, var andelen 13 % i 2006.



Vekst i elv og sjø

Dei fleste laks- og aureungar er 2-3 år i elva før dei går ut i sjøen, ved ei lengd på 11-16 cm. Sjøveksten er ulik for dei to artane, ved at laksen normalt veks ca. 30-35 cm første året i sjø, medan sjøauren veks 12-15 cm.



For meir informasjon sjå www.radgivende-biologer.no



Rådgivende Biologer AS

Bredsgården, Bryggen, 5003 Bergen

Tlf: 55 31 02 78 / fax: 55 31 62 75


E-post: post@radgivende-biologer.no

www.radgivende-biologer.no

FANGST OG SKJELPRØVAR I GLOPPENELVA

Fangststatistikk


Etter ein periode med avtakande laksefangstar utetter 1990-talet var fangstane i 2000-2002 og 2005-2006 dei beste sidan 1970-talet. Fangstane i 2003 og 2004 var litt lågare, men var framleis mellom dei beste sidan 1970-talet. I 2006 vart det fanga 290 laks (snittvekt 4,3 kg), det beste resultatet sidan 1975. Fangstane av sjøaure har vore relativt stabile, med fangstar mellom 100 og 200 fisk i 25 av dei 36 åra, men fangsten i 2005 på 76 fisk er den lågaste som er registrert. I 2006 vart det fanga 167 sjøaure, med ei snittvekt på 1,9 kg.



FIGUR 1. Fangst i antal (søyler) og snittvekt i kg (linje) av laks og sjøaure i Gloppenelva i perioden 1969-2006. Frå 1979 er laksefangstane skild som tert (<3 kg, grøn søyle) og laks (>3 kg, blå søyle), frå 1993 er det skild mellom smålaks (<3 kg, grøn søyle), mellomlaks (3-7 kg, raud søyle) og storlaks (>7 kg, svart søyle).


Innslag av rømt oppdrettslaks

I perioden 1999-2006 er det samla og analysert skjelprøvar av 965 laks og 364 sjøaurar fanga ved sportsfiske. Andelen rømt oppdrettslaks var over 25 % tre av dei fire første åra, men dei siste åra har andelen minka og var i 2006 nede i 9,7 %.



Vekst i elv og sjø

Dei fleste laks- og aureungar er 2-3 år i Gloppenelva før dei går ut i sjøen, ved ei lengd på 13-15 cm. Sjøveksten er ulik for dei to artane, ved at laksen normalt veks ca. 30-35 cm første året i sjø, medan sjøauren veks 12-15 cm.



Laksen som gjekk ut or elva i 2004 har hatt god vekst og overleving og det har resultert i gode fangstar av smålaks i 2005 og mellomlaks i 2006. Smoltårgangen frå 2005 ser ut til å ha overlevd dårlegare i havet, og det er venta reduserte fangstar av mellomlaks i 2007, medan innsiget av storlaks kan verta betre enn på lenge.

For meir informasjon sjå www.radgivende-biologer.no



Rådgivende Biologer AS

Bredsgården, Bryggen, 5003 Bergen

Tlf: 55 31 02 78 / fax: 55 31 62 75


E-post: post@radgivende-biologer.no

www.radgivende-biologer.no

FANGST OG SKJELPRØVAR I RYGGELVA

Fangststatistikk


I perioden 1969-2006 var gjennomsnittleg årsfangst 34 laks med snittvekt på 3,3 kg, og 20 sjøaurar med snittvekt på 1,3 kg. I 2006 vart det fanga 39 laks med ei snittvekt på 4,4 kg, og 27 sjøaure med snittvekt på 1,1 kg. Laksefangsten i 2006 var lågare enn i 2005, men likevel eit brukbart resultat i høve til heile perioden.



FIGUR 1. Fangst i antal (søyler) og snittvekt i kg (linje) av laks og sjøaure i Ryggelva i perioden 1969-2006. Frå 1979 er laksefangstane skild som tert (<3 kg, grøn søyle) og laks (>3 kg, blå søyle), frå 1993 er det skild mellom smålaks (<3 kg, grøn søyle), mellomlaks (3-7 kg, raud søyle) og storlaks (>7 kg, svart søyle).

Innslag av rømt oppdrettslaks


Frå sportsfisket i perioden 1999-2006 er det samla analysert skjelpøvar av 159 laks og 138 sjøaurar. Andelen rømt laks har variert mellom 0 % og 33 %, dei to siste åra har det ikkje vore rømt oppdrettslaks i skjelmaterialet.



Vekst i elv og sjø

Dei fleste laks- og aureungane er 2-4 år i elva før dei går ut i sjøen, ved ei lengd på 11-16 cm. Sjøveksten er ulik for dei to artane, ved at laksen normalt veks ca. 30-34 cm første året i sjø, medan sjøauren veks 12-14 cm.

Laksen som gjekk ut or elva i 2004 har hatt god vekst og overleving og det har resultert i gode fangstar av smålaks i 2005 og mellomlaks i 2006. Smoltårgangen frå 2005 ser ut til å ha overlevd dårlegare i havet, og det er venta reduserte fangstar av mellomlaks i 2007, medan innsigt av storlaks kan verta betre enn på lenge.



For meir informasjon sjå www.radgivende-biologer.no



Rådgivende Biologer AS

Bredsgården, Bryggen, 5003 Bergen

Tlf: 55 31 02 78 / fax: 55 31 62 75


E-post: post@radgivende-biologer.no

www.radgivende-biologer.no

FANGST OG SKJELPRØVAR I Å-/OMMEDALSELVA

Fangststatistikk


I perioden 1969-2006 var gjennomsnittleg årsfangst Å-/Ommedalselva 277 laks med snittvekt på 4,0 kg, og 252 sjøaurar med snittvekt på 1,5 kg. I 2006 vart det fanga 322 laks med ei snittvekt på 4,6 kg og 135 sjøaure med snittvekt på 1,1 kg. Laksefangsten var den nest største i løpet av den siste 10-årsperioden, medan sjøaurefangsten var redusert for tredje året på rad.



FIGUR 1. Fangst i antal (søyler) og snittvekt i kg (linje) av laks og sjøaure i Aa-/Ommedalselva i perioden 1969-2006. Frå 1979 er laksefangstane skild som tert (<3 kg, grøn søyle) og laks (>3 kg, blå søyle), frå 1993 er det skild mellom smålaks (<3 kg, grøn søyle), mellomlaks (3-7 kg, raud søyle) og storlaks (>7 kg, svart søyle).


Innslag av rømt oppdrettslaks

Frå sportsfisket i perioden 1999-2006 er det samla og analysert skjelpøvar av 461 laks og 95 sjøaurar. Andelen rømt oppdrettslaks i skjelmaterialet har vorte redusert frå 22 % i 1999 til 1,4 % i 2006, og med unntak av 2000 og 2003 har andelen minka kvart år.



Vekst i elv og sjø

Dei fleste laks- og aureungar er 2-3 år i elva før dei går ut i sjøen, ved ei lengd på 11-16 cm. Sjøveksten er ulik for dei to artane, ved at laksen normalt veks ca. 30-34 cm første året i sjø, medan sjøauren veks 12-14 cm.



Laksen som gjekk ut or elva i 2004 har hatt god vekst og overleving og det har resultert i gode fangstar av smålaks i 2005 og mellomlaks i 2006. Smoltårgangen frå 2005 ser ut til å ha overlevd dårlegare i havet, og det er venta reduserte fangstar av mellomlaks i 2007, medan innsiget av storlaks kan verta betre enn på lenge.

For meir informasjon sjå www.radgivende-biologer.no



Rådgivende Biologer AS

Bredsgården, Bryggen, 5003 Bergen

Tlf: 55 31 02 78 / fax: 55 31 62 75


E-post: post@radgivende-biologer.no

www.radgivende-biologer.no

FANGST OG SKJELPRØVAR I HOPSELVA

Fangststatistikk

I perioden 1969 til 2006 var gjennomsnittleg årsfangst 49 laks med snittvekt på 3,9 kg og 69 sjøaurar med snittvekt på 1,7 kg. Fangsten av laks har vore betre dei siste åra enn tidlegare i perioden, og snittfangst av laks dei siste ti åra er 78 per år. I 2006 var fangsten 82 laks (snittvekt 3,6 kg). Fangsten av sjøaure har auka dei siste 10-12 åra, og snittfangst av sjøaure dei siste ti åra er 129 per år. I 2006 vart det fanga 177 sjøaure (snittvekt 1,4 kg). Dette er noko mindre enn i rekordåret 2003, men likevel ein av dei beste fangstane som er registrert.




FIGUR 1. Fangst i antal (søyler) og snittvekt i kg (linje/punkt) av laks og sjøaure i Hopselva i perioden 1969-2006. Frå 1979 er laksefangstane skild som tert (<3 kg, grøn søyle) og laks (>3 kg, blå søyle), frå 1993 er det skild mellom smålaks (<3 kg, grøn søyle), mellomlaks (3-7 kg, raud søyle) og storlaks (>7 kg, svart søyle).

Skjelmateriale

Me mottok skjelprøvar frå 5 laksar og 2 sjøaurar. Ein av laksane var ein rømt oppdrettslaks, dei andre var villaks som hadde vore to og tre år i elva før dei gjekk ut, og deretter hadde vore ein og to vintrar i sjøen før dei returnerte til elva. Dei to sjøaurane hadde vore to og tre år i elva og to vintrar i sjøen då dei vart fanga.

Vekst i elv og sjø

Laksane var 12-15 cm som smolt og hadde vakse vel 35 cm i løpet av det første året i sjøen. Den eine sjøauren me kunne lesa veksten på hadde vore over 24 cm som smolt, og hadde truleg hatt eit år i Ommedalsvatnet før han gjekk ut i sjøen. Første året i sjøen vaks han vel 16 cm, som er bra til å vera sjøaure.



For meir informasjon sjå www.radgivende-biologer.no



Rådgivende Biologer AS

Bredsgården, Bryggen, 5003 Bergen

Tlf: 55 31 02 78 / fax: 55 31 62 75


E-post: post@radgivende-biologer.no

www.radgivende-biologer.no

FANGST OG SKJELPRØVAR I INDREHUSVASSDRAGET

Fangststatistikk


I perioden 1996-2005 var gjennomsnittleg årsfangst 22 laks med snittvekt på 2,7 kg, og 112 sjøaurar med snittvekt på 0,8 kg. I 2006 vart det fanga 12 laks med ei snittvekt på 3,2 kg og 68 sjøaure med snittvekt på 1,1 kg. Både laks- og sjøaurefangstane er mellom dei dårlegaste som er registrert sidan 1998.



FIGUR 1. Fangst i antal (søyler) og snittvekt i kg (linje) av laks og sjøaure i Indrehusvassdraget i perioden 1996-2006. Det er skild mellom smålaks (<3 kg, grøn søyle), mellomlaks (3-7 kg, raud søyle) og storlaks (>7 kg, svart søyle).


Innslag av rømt oppdrettslaks

I perioden 1999-2006 er det samla analysert skjelprøvar av 77 laks og 185 sjøaurar. Gjennomsnittleg andel rømt oppdrettslaks i skjelmaterialet er 62 %, med variasjon mellom 30 og 85 %. Indrehusvassdraget er ikkje rekna å ha ein eigen, sjølvreproduserande laksebestand.



Vekst i elv og sjø

Dei fleste laksungar er 2-3 år i Indrehuselva før dei går ut i sjøen, ved ei lengd på 12-15 cm. Ein del aureungar har ein periode i Indrehusvatnet og kan vera over 20 cm før smoltifisering. Sjøveksten er ulik for dei to artane, ved at laksen normalt veks ca. 30-34 cm første året i sjø, medan sjøauren veks 12-14 cm.



For meir informasjon sjå www.radgivende-biologer.no



Rådgivende Biologer AS

Bredsgården, Bryggen, 5003 Bergen

Tlf: 55 31 02 78 / fax: 55 31 62 75


E-post: post@radgivende-biologer.no

www.radgivende-biologer.no

FANGST OG SKJELPRØVAR I OSENELVA

Fangststatistikk


I perioden 1969-2006 var gjennomsnittleg årsfangst 104 laks med snittvekt på 4,1 kg, og 188 sjøaurar med snittvekt på 1,0 kg. I 2006 vart det fanga 189 laks med ei snittvekt på 4,4 kg og 76 sjøaure med snittvekt på 0,9 kg. Laksefangstane i 2006 var dermed meir enn halvert sidan rekordåret 2005, men likevel av dei høgaste som er registrert. Sjøaurefangstane var også redusert i høve til i 2005, men her var skilnaden liten.



FIGUR 1. Fangst i antal (søyler) og snittvekt i kg (linje) av laks og sjøaure i Osenelva i perioden 1969-2006. Frå 1979 er laksefangstane skild som tert (<3 kg, grøn søyle) og laks (>3 kg, blå søyle), frå 1993 er det skild mellom smålaks (<3 kg, grøn søyle), mellomlaks (3-7 kg, raud søyle) og storlaks (>7 kg, svart søyle).


Innslag av rømt oppdrettslaks

Frå sportsfisket i perioden 1999-2006 er det samla analysert skjelpøvar av 953 laks og 314 sjøaurar. Andelen rømt laks har variert mellom 7 % i 1999 og 0,8 % i 2005, og sjølv om andelen auka til 2,2 % i 2006, er det framleis lite problem med rømt oppdrettslaks i Osenelva.



Vekst i elv og sjø

Dei fleste laks- og aureungar er 2-3 år i elva før dei går ut i sjøen, ved ei lengd på 11-16 cm. Sjøveksten er ulik for dei to artane, ved at laksen normalt veks ca. 30-34 cm første året i sjø, medan sjøauren veks 12-14 cm.



Laksen som gjekk ut or elva i 2004 har hatt god vekst og overleving og det har resultert i gode fangstar av smålaks i 2005 og mellomlaks i 2006. Smoltårgangen frå 2005 ser ut til å ha overlevd dårlegare i havet, og det er venta reduserte fangstar av mellomlaks i 2007, medan innsiget av storlaks kan verta betre enn på lenge.

For meir informasjon sjå www.radgivende-biologer.no



Rådgivende Biologer AS

Bredsgården, Bryggen, 5003 Bergen

Tlf: 55 31 02 78 / fax: 55 31 62 75


E-post: post@radgivende-biologer.no

www.radgivende-biologer.no

FANGST OG SKJELPRØVAR I JØLSTRA

Fangststatistikk

I perioden 1969-1992 var gjennomsnittleg årsfangst 462 laks med snittvekt på 4,8 kg, og 448 sjøaurar med snittvekt på 1,1 kg. Villaksen var freda i åra 1993-2002, i 2003-2005 har det vore opna for laksefiske etter lokalt fastsette kvotar. Sjøauren var freda i 1993-1995, snittfangst dei siste 10 åra har vore 304 sjøaure per år. I 2006 vart det fanga 43 laks med ei snittvekt på 4,8 kg og 229 sjøaure med snittvekt på 1,5 kg. Sjølv om det var ein auke frå 2005 til 2006, er sjøaurefangsten i 2006 mellom dei lågaste som er registrert. Dette må likevel korrigerast noko, etter som eit varierende antal sjøaurar har vorte sett ut att dei siste åra.



FIGUR 1. Fangst i antal (søyler) og snittvekt i kg (linje) av laks og sjøaure i Jølstra i perioden 1969-2006. Frå 1979 er laksefangstane skild som tert (<3 kg, grøn søyle) og laks (>3 kg, blå søyle), frå 1993 er det skild mellom smålaks (<3 kg, grøn søyle), mellomlaks (3-7 kg, raud søyle) og storlaks (>7 kg, svart søyle). Villaksen var freda 1993-2002, sjøauren 1992-1995.


Innslag av rømt oppdrettslaks

I perioden 2002-2006 er det samla analysert skjelpørvar av 298 laks og 1115 sjøaurar. Andelen rømt oppdrettslaks har variert mellom 18 og 31 %, med snitt for perioden på 28 %. Innslaget av rømt fisk er usikkert, etter som fisket har vore regulert og ein del villfisk har vorte sleppt ut att medan oppdrettslaks har vorte avliva.

Vekst i elv og sjø

Dei fleste laks- og aureungar er 2-3 år i Jølstra før dei går ut i sjøen, ved ei lengd på 12-16 cm. Sjøveksten er ulik for dei to artane, ved at laksen normalt veks ca. 30-34 cm første året i sjø, medan sjøauren veks 12-14 cm.

FIGUR 2. Vekst i elv og sjø for villaks og sjøaure fanga i Jølstra som har vore to år i elv og to vintrar i sjø.



For meir informasjon sjå www.radgivende-biologer.no



Rådgivende Biologer AS

Bredsgården, Bryggen, 5003 Bergen

Tlf: 55 31 02 78 / fax: 55 31 62 75


E-post: post@radgivende-biologer.no

www.radgivende-biologer.no

FANGST OG SKJELPRØVAR I DALSELVA

Fangststatistikk


I perioden 1969 til 2006 var gjennomsnittleg årsfangst 63 laks med snittvekt på 2,0 kg, og 29 sjøaurar med snittvekt på 0,8 kg. Frå tidleg på 1990-talet har fangstane av laks vore varierende, med gode fangstar enkelte år. I 2005 vart det fanga 452 laks, meir enn dobbelt så mykje som tidlegare bestenotering for elva, og 2006 var det klart nest beste året. Med unntak av 2002 har det vore gode fangstar av sjøaure dei siste 6 åra, i høve til tidlegare registreringar. Også sjøaurefangsten i 2006 var høg, med 71 sjøaure (snittvekt: 0,7 kg), den tredje høgaste som er registrert.



FIGUR 1. Fangst i antal (søyler) og snittvekt i kg (linje/punkt) av laks og sjøaure i Dalselva i perioden 1969-2006. Frå 1979 er laksefangstane skild som tert (<3 kg, grøn søyle) og laks (>3 kg, blå søyle), frå 1993 er det skild mellom smålaks (<3 kg, grøn søyle), mellomlaks (3-7 kg, raud søyle) og storlaks (>7 kg, svart søyle).


Innslag av rømt oppdrettslaks

I perioden 1999-2006 er det samla analysert skjelpørvar av 200 laks og 1 sjøaure. Berre ein av dei undersøkte laksane frå Dalselva (i 2001) var ein rømt oppdrettslaks.



Vekst i elv og sjø

Dei fleste laksane er 2-3 år i elva, før dei går ut i sjøen ved ei lengd på 12-15 cm. Veksten første året i sjøen er 30-34 cm, avhengig av sjøtemperaturen.



For meir informasjon sjå

www.radgivende-biologer.no



Rådgivende Biologer AS

Bredsgården, Bryggen, 5003 Bergen

Tlf: 55 31 02 78 / fax: 55 31 62 75


E-post: post@radgivende-biologer.no

www.radgivende-biologer.no

FANGST OG SKJELPRØVAR I FLEKKEELVA

Fangststatistikk


I perioden 1969 til 2006 var gjennomsnittleg årsfangst 72 laks (snittvekt 4,8 kg) og 57 sjøaurar (snittvekt 0,7 kg). Fangstane har auka for begge artar, og snittfangst dei siste 10 åra er 178 laks og 73 sjøaure. I 2006 vart det fanga 308 laks (snittvekt 4,0 kg), den nest høgaste fangsten som er registrert, og tre av dei fire siste åra har fangstane vore ca. dobbelt så høge som dei beste åra før 2003. Fangsten av sjøaure (51stk; snittvekt 0,7 kg) var nær halvert frå 2005 til 2006.



FIGUR 1. Fangst i antal (søyler) og snittvekt i kg (linje) av laks og sjøaure i Flekkeelva i perioden 1969-2006. Frå 1979 er laksefangstane skild som tert (<3 kg, grøn søyle) og laks (>3 kg, blå søyle), frå 1993 er det skild mellom smålaks (<3 kg, grøn søyle), mellomlaks (3-7 kg, raud søyle) og storlaks (>7 kg, svart søyle).


Innslag av rømt oppdrettslaks

I perioden 2001-2006 er det til saman analysert skjelprøvar av 450 laks og 6 sjøaurar. Andelen rømt oppdrettslaks var oppe i 12,5 % i 2004, men i 2005 var det berre 0,7 % rømd fisk, og i 2006 3,2 %. Dersom ein samanliknar alle dei 6 åra med undersøkingar er det truleg at materialet i 2004 ikkje var representativt for totalfangsten.



Vekst i elv og sjø

Dei fleste laksungar er 2-3 år i Flekkeelva før dei går ut i sjøen, ved ei lengd på 12-16 cm. Ein del av sjøaurane har oppvekst i innsjøar i vassdraget og kan vera over 20 cm før dei går ut i sjøen. Sjøveksten er ulik for dei to artane, ved at laksen normalt veks ca. 30-34 cm første året i sjø, medan sjøauren veks 12-14 cm.



Laksen som gjekk ut or elva i 2004 har hatt god vekst og overleving og det har resultert i gode fangstar av smålaks i 2005 og mellomlaks i 2006. Smoltårgangen frå 2005 ser ut til å ha overlevd dårlegare i havet, og det er venta reduserte fangstar av mellomlaks i 2007, medan innsigt av storlaks kan verta betre enn på lenge.

For meir informasjon sjå www.radgivende-biologer.no

Skjell 2006



Rådgivende Biologer AS

Bredsgården, Bryggen, 5003 Bergen

Tlf: 55 31 02 78 / fax: 55 31 62 75


E-post: post@radgivende-biologer.no

www.radgivende-biologer.no

FANGST OG SKJELPRØVAR I SOGNDALSELVA

Fangststatistikk


I perioden 1969-2006 var gjennomsnittleg årsfangst 66 laks med snittvekt på 4,4 kg, og 35 sjøaurar med snittvekt på 1,8 kg. I 2006 vart det fanga 89 laks med ei snittvekt på 4,4 kg og 1 sjøaure med snittvekt på 5 kg. Laksefangsten i 2006 var lågare enn i 2006, men framleis eit bra resultat. Sjøaurefangsten var den lågaste som er registrert, men sidan me mottok fleire skjelprøvar av sjøaure enn det som var rapportert, kan det tyda på underrapportering.



FIGUR 1. Fangst i antal (søyler) og snittvekt i kg (linje) av laks og sjøaure i Sogndalselva i perioden 1969-2006. Frå 1979 er laksefangstane skild som tert (<3 kg, grøn søyle) og laks (>3 kg, blå søyle), frå 1993 er det skild mellom smålaks (<3 kg, grøn søyle), mellomlaks (3-7 kg, raud søyle) og storlaks (>7 kg, svart søyle).


Innslag av rømt oppdrettlaks

Frå sportsfisket i perioden 1999-2006 er det til saman analysert skjelprøvar av 265 laks og 67 sjøaurar. Andelen rømt laks har variert mellom 28 % i 2000 og 0 % i 2002 og 2005. I 2006 var andelen 2,6 %.



Vekst i elv og sjø

Dei fleste laks- og aureungane er 2-3 år i elva før dei går ut i sjøen, ved ei lengd på 11-16 cm. Sjøveksten er ulik for dei to artane, ved at laksen normalt veks ca. 30-34 cm første året i sjø, medan sjøauren veks 12-14 cm.



Laksen som gjekk ut or elva i 2004 har hatt god vekst og overleving og det har resultert i gode fangstar av smålaks i 2005 og mellomlaks i 2006. Smoltårgangen frå 2005 ser ut til å ha overlevd dårlegare i havet, og det er venta reduserte fangstar av mellomlaks i 2007, medan innsiget av storlaks kan verta betre enn på lenge.

For meir informasjon sjå www.radgivende-biologer.no



Rådgivende Biologer AS

Bredsgården, Bryggen, 5003 Bergen

Tlf: 55 31 02 78 / fax: 55 31 62 75


E-post: post@radgivende-biologer.no

www.radgivende-biologer.no

FANGST OG SKJELPRØVAR I ÅRØYELVA

Fangststatistikk


I perioden 1969-2005 var gjennomsnittleg årsfangst 66 laks med snittvekt på 6,8 kg, og 75 sjøaurar med snittvekt på 1,0 kg. I 2006 vart det fanga 78 laks med ei snittvekt på 5,7 kg og 50 sjøaure (snittvekt 1,3 kg).



FIGUR 1. Fangst i antal (søyler) og snittvekt i kg (linje) av laks og sjøaure i Årøyelva i perioden 1969-2006. Frå 1979 er laksefangstane skild som tert (<3 kg, grøn søyle) og laks (>3 kg, blå søyle), frå 1993 er det skild mellom smålaks (<3 kg, grøn søyle), mellomlaks (3-7 kg, raud søyle) og storlaks (>7 kg, svart søyle).


Innslag av rømt oppdrettslaks

Frå sportsfisket i perioden 1999-2006 er det til saman analysert skjelprøvar av 439 laks og 41 sjøaurar. Andelen rømt laks har variert mellom 35 og 14 %, og har minka dei siste fire åra. Det vert sett ut smolt i Årøyelva, og desse kan forvekslast med oppdrettsfisk, men dei seinare åra er all utsett fisk merka ved feittfinneklipping, og dersom det vert følgd opp nøye, vil innslaget av rømt fisk vera reelt.



Vekst i elv og sjø

Dei fleste ville laks- og aureungar er 2-3 år i elva før dei går ut i sjøen, ved ei lengd på 11-16 cm. Sjøveksten er ulik for dei to artane, ved at laksen normalt veks ca. 30-35 cm første året i sjø, medan sjøauren veks 12-14 cm.



Laksen som gjekk ut or elva i 2004 har hatt god vekst og overleving og det har resultert i gode fangstar av smålaks i 2005 og mellomlaks i 2006 i mange elvar på Vestlandet. Smoltårgangen frå 2005 ser ut til å ha overlevd dårlegare i havet, og det er venta reduserte fangstar av mellomlaks i 2007, medan innsiget av storlaks kan verta betre enn på lenge.

NB! Hugs å notera på skjelkonvolutten om fisken er merka (klypt feittfinne), dette er svært viktig for å kunna skilja utsett laks frå rømt oppdrettslaks



Rådgivende Biologer AS

Bredsgården, Bryggen, 5003 Bergen

Tlf: 55 31 02 78 / fax: 55 31 62 75

E-post: post@radgivende-biologer.no


www.radgivende-biologer.no

Skjell 2006

FANGST OG SKJELPRØVAR I JOSTEDØLA

Fangststatistikk


I perioden 1969-2006 var gjennomsnittleg årsfangst 8 laks med snittvekt på 5,6 kg, og 150 sjøaurar med snittvekt på 1,8 kg. Etter å ha vore freda sidan 1999 vart det opna for fiske etter laks att i 2003, men det er berre registrert 3 laks i fangststatistikken etter opninga. Fangstane av sjøaure har vore høge dei siste åra samanlikna med tidlegare i perioden, og snitt for dei siste 10 åra er 264 sjøaure per år. Fangstane av sjøaure har gått litt nedover frå rekordåret 1998, og i 2006 vart det fanga 191 sjøaure med ei snittvekt på 1,5 kg.



FIGUR 1. Fangst i antal (søyler) og snittvekt i kg (linje/punkt) av laks og sjøaure i Jostedøla i perioden 1969-2006. Før 1993 er laksefangstane skild som tert (<3 kg, grøn søyle) og laks (>3 kg, blå søyle), frå 1993 er det skild mellom smålaks (<3 kg, grøn søyle), mellomlaks (3-7 kg, raud søyle) og storlaks (>7 kg, svart søyle). Laksen var freda 1999-2002.


Innsamla skjelmateriale 2000-2006

Frå sportsfisket i perioden 2000-2006 er det samla analysert skjelpøvar av 15 laks og 208 sjøaurar. Fire av laksane var rømte oppdrettslaks. Jostedøla er ikkje rekna å ha ein eigen, sjølvreproduserande laksebestand.



Vekst i elv og sjø

Dei fleste aureungar er 2-4 år i Jostedøla før dei går ut i sjøen, ved ei lengd på 12-20 cm. Laksane hadde vore 3 og 4 år i elva før dei gjekk ut som smolt. Sjøveksten er ulik for dei to artane, ved at laksen normalt veks ca. 30-34 cm første året i sjø, medan sjøauren veks 14-15 cm. Sjøauren i Jostedøla skil seg frå dei fleste andre bestandar ved at mange av fiskane har vakse over 20 cm enkelte år i sjøen.



For meir informasjon sjå www.radgivende-biologer.no



Rådgivende Biologer AS

Bredsgården, Bryggen, 5003 Bergen

Tlf: 55 31 02 78 / fax: 55 31 62 75


E-post: post@radgivende-biologer.no

www.radgivende-biologer.no

FANGST OG SKJELPRØVAR I FORTUNSELVA

Fangststatistikk


I perioden 1969 til 2006 var gjennomsnittleg årsfangst 10 laks med snittvekt på 5,1 kg, og 95 sjøaurar med snittvekt på 2,3 kg. Villaksen har vore freda sidan 1993. Dei siste ti åra har fangstane av sjøaure vore langt betre enn tidlegare og har variert mellom 130 og 290 per år, med eit snitt for perioden 1997-2006 på 177 sjøaure. I 2006 vart det fanga 142 sjøaure med ei snittvekt på 2,3 kg.



FIGUR 1. Fangst i antal (søyler) og snittvekt i kg (linje/punkt) av laks og sjøaure i Fortunselva i perioden 1969-2006. Frå 1979 er laksefangstane skild som tert (<3 kg, grøn søyler) og laks (>3 kg, blå søyler). Laksen har vore freda sidan 1993.

Vekst i elv og sjø

Me mottok skjelprøvar av 12 sjøaurar. Dei hadde vore 2-3 år i elv og 2-5 somrar i sjøen då dei vart fanga. Smoltlengdene varierte frå 15 til 25 cm, og det er truleg at ein god del av sjøauren har ein vekstperiode i Eidesvatnet før dei går ut i sjøen. Veksten i sjøen er normalt 12-20 cm første året og avtek med aukande sjøalder.



For meir informasjon sjå www.radgivende-biologer.no



Rådgivende Biologer AS

Bredsgården, Bryggen, 5003 Bergen

Tlf: 55 31 02 78 / fax: 55 31 62 75


E-post: post@radgivende-biologer.no

www.radgivende-biologer.no

FANGST OG SKJELPRØVAR I ÅRDALSVASSDRAGET

Fangststatistikk


I perioden 1969-1989 var gjennomsnittleg årsfangst 36 laks med snittvekt på 4,0 kg, i perioden 1990-2002 har laksen vore freda. Gjennomsnittleg årsfangst av sjøaure 1969-2005 var 277 (snittvekt 2,0 kg). Snittfangst av sjøaure dei siste 10 åra (1997-2006) har vore på heile 431 fisk per år. I 2006 vart det fanga 40 laks med ei snittvekt på 5,1 kg og 293 sjøaure med snittvekt på 3,1 kg. Sjøaurefangstane dei tre siste åra har vore klart lågare enn dei seks føregåande åra (1998-2003). Årdalsvassdraget er ikkje rekna å ha ein eigen sjølvreproduserande laksebestand.



FIGUR 1. Fangst i antal (søyler) og snittvekt i kg (linje) av laks og sjøaure i Årdalsvassdraget i perioden 1969-2006. Laksen var freda 1990-2002. Dei tre siste åra er det skild mellom smålaks (<3kg, grøn søyle) og mellomlaks (3-7 kg, raud søyle), det har ikkje vorte fanga storlaks desse åra.


Samla skjelmateriale 1999-2006

Frå sportsfisket i perioden 1999-2006 er det samla analysert skjelpøvar av 42 laks og 187 sjøaurar. Ein av laksane som vart fanga i 2004 var ein rømt oppdrettslaks, i 2006 var 4 av 33 laks rømlingar, ein andel på 12 %.



Vekst i elv og sjø

Dei fleste aureungar er 3 år i elva før dei går ut i sjøen, ved ei lengd på 11-26 cm. Ein del av aurane oppheld seg ei tid i Årdalsvatnet og er dermed ganske store før dei går ut i sjøen. Sjøveksten er ulik for laks og sjøaure, ved at laksen normalt veks ca. 30-35 cm første året i sjø, medan sjøauren veks 12-15 cm.



Før meir informasjon sjå www.radgivende-biologer.no



Rådgivende Biologer AS

Bredsgården, Bryggen, 5003 Bergen

Tlf: 55 31 02 78 / fax: 55 31 62 75


E-post: post@radgivende-biologer.no

www.radgivende-biologer.no

FANGST OG SKJELPRØVAR I LÆRDALSELVA

Fangststatistikk

I perioden 1969-1996 var gjennomsnittleg årsfangst 1042 laks med snittvekt på 6,4 kg, og 730 sjøaurar med snittvekt på 1,5 kg. I 1997 vart elva behandla med rotenon for å verta kvitt parasitten *Gyrodactylus salaris*, og det vart ikkje opna att for fiske før i 2001. I perioden etter rotenon-behandlinga har det i snitt vore fanga 295 laks og 385 sjøaure per år. I 2006 vart det fanga 233 laks (snittvekt 6,6 kg) og 299 sjøaure (snittvekt 2,2 kg) Både fangsten av laks og sjøaure var dårlegare i 2006 enn dei føregåande åra.




FIGUR 1. Fangst i antal (søyler) og snittvekt i kg (linje) av laks og sjøaure i Lærdalselva i perioden 1969-2006. Frå 1979 er laksefangstane skild som tert (<3 kg, grøn søyle) og laks (>3 kg, blå søyle), frå 1993 er det skild mellom smålaks (<3 kg, grøn søyle), mellomlaks (3-7 kg, raud søyle) og storlaks (>7 kg, svart søyle). Elva var stengd i perioden 1997-2000.

Innslag av rømt oppdrettslaks

Til saman er det undersøkt skjelprøvar av 84 laks og 72 sjøaurar fanga i 2006. Av desse var to rømte oppdrettslaks, ein andel på 2,4 %. Mellom villaksane var 53 mellomlaks og 29 storlaks, ingen smålaks.

Vekst i elv og sjø

Dei fleste laks- og aureungar er 2-3 år i Lærdalselva før dei går ut i sjøen, ved ei lengd på 12-15 cm. Sjøveksten er ulik for dei to artane, ved at laksen normalt veks ca. 30-35 cm første året i sjø, medan sjøauren veks 12-14 cm.



Laksen som gjekk ut or elvane på Vestlandet i 2004 hadde god vekst og overleving og det har resultert i gode fangstar av smålaks i 2005 og mellomlaks i 2006 i mange elvar. Smoltårgangen frå 2005 ser ut til å ha overlevd dårlegare i havet, og det vart fanga svært få smålaks i m.a. Lærdalselva i 2006. Det er også venta reduserte fangstar av mellomlaks i 2007.

For meir informasjon sjå www.radgivende-biologer.no



Rådgivende Biologer AS

Bredsgården, Bryggen, 5003 Bergen

Tlf: 55 31 02 78 / fax: 55 31 62 75


E-post: post@radgivende-biologer.no

www.radgivende-biologer.no

FANGST OG SKJELPRØVAR I AURLANDSELVA

Fangststatistikk


I perioden 1969-89 var gjennomsnittleg årsfangst 106 laks (snittvekt 5,4 kg), i perioden 1969-2006 vart det fanga i snitt 862 sjøaure med snittvekt på 1,7 kg. I 2006 vart det fanga 201 sjøaure (snittvekt: 2,8 kg), noko som er den lågaste registrerte fangsten sidan 1994. Villaksen har vore freda sidan 1989.



FIGUR 1. Fangst i antal (søyler) og snittvekt i kg (linje) av laks og sjøaure i Aurlandselva i perioden 1969-2005. Frå 1979 vart laksefangstane skild som tert (<3 kg, grøn søyle) og laks (>3 kg, blå søyle). Laksen har vore freda sidan 1989.


Skjelprøvar 1999-2006

I perioden 1999-2006 er det samla og analysert skjelprøvar av 968 sjøaurar og 29 laks fanga i sportsfiskesesongen. Dei fleste laksane som har vorte fanga har vore skadd ved fiske og har måtta avlivast, medan nokre har vore feilbestemt av fiskar. Til saman 3 av laksane var rømt oppdrettslaks.



Vekst i elv og sjø

Dei fleste aurengane er 2-4 år i Aurlandselva før dei går ut i sjøen, ved ei lengd på 11-17 cm. Ein del av aurene har ein periode med vekst i Vassbygdvatnet og vil då vera 18-20 cm eller meir når dei går ut som smolt. Dei fleste lakseungane går ut etter 3-4 år, ved ei lengd på 13-14 cm. Sjøveksten er ulik for dei to artane, ved at laksen normalt veks ca. 30-34 cm første året i sjø, medan sjøauren veks 12-14 cm.



For meir informasjon sjå www.radgivende-biologer.no



Rådgivende Biologer AS

Bredsgården, Bryggen, 5003 Bergen

Tlf: 55 31 02 78 / fax: 55 31 62 75


E-post: post@radgivende-biologer.no

www.radgivende-biologer.no

FANGST OG SKJELPRØVAR I FLÅMSELVA

Fangststatistikk


I perioden 1969 til 2006 var gjennomsnittleg årsfangst 74 laks med snittvekt på 5,7 kg, og 110 sjøaurar med snittvekt på 2,0 kg. Villaksen har vore freda i perioden 1996-2002, men det vart opna for fiske etter laks att i 2003, og i 2006 vart det fanga 34 laks med ei snittvekt på 5,5 kg og 15 sjøaure med snittvekt på 2,9 kg. Fangstane av sjøaure har minka jamt dei siste åra, og 2006 var det nest dårlegaste året i heile perioden.



FIGUR 1. Fangst i antal (søyler) og snittvekt i kg (linje/punkt) av laks og sjøaure i Flåmselva i perioden 1969-2006. Frå 1979 er laksefangstane skild som tert (<3 kg, grøn søyle) og laks (>3 kg, blå søyle), frå 1993 er det skild mellom smålaks (<3 kg, grønt søyle), mellomlaks (3-7 kg, raud søyle) og storlaks (>7 kg, svart søyle). Laksen var freda 1996-2002.


Innslag av rømt oppdrettslaks

I perioden 2002-2006 er det samla analysert skjelpørvar av 65 laks og 78 sjøaurar. Ein av laksane i 2003 og fire av laksane i 2005 var rømt oppdrettslaks, og andelen rømt oppdrett i 2005 vart dermed heile 18 %. I 2006 var det ingen rømte oppdrettslaks i skjelmaterialet



Vekst i elv og sjø

Dei fleste laks- og aureungar er 3-4 år i Flåmselva før dei går ut i sjøen, ved ei lengd på 12-15 cm. Sjøveksten er ulik for dei to artane, ved at laksen normalt veks ca. 30-35 cm første året i sjø, medan sjøauren veks 12-15 cm.



For meir informasjon sjå www.radgivende-biologer.no



Rådgivende Biologer AS

Bredsgården, Bryggen, 5003 Bergen

Tlf: 55 31 02 78 / fax: 55 31 62 75


E-post: post@radgivende-biologer.no

www.radgivende-biologer.no

FANGST OG SKJELPRØVAR I VIKJA

Fangststatistikk


I perioden 1969-2006 var gjennomsnittleg årsfangst 178 laks med snittvekt på 3,7 kg, og 31 sjøaurar med snittvekt på 1,8 kg. Dei siste 10 åra har snittfangsten av laks vore 297 per år. I 2006 vart det fanga 322 laks med ei snittvekt på 4,0 kg og 5 sjøaure med snittvekt på 3,8 kg.



FIGUR 1. Fangst i antal (søyler) og snittvekt i kg (linje) av laks og sjøaure i Vikja i perioden 1969-2006. Frå 1979 er laksefangstane skild som tert (<3 kg, grøn søyle) og laks (>3 kg, blå søyle), frå 1993 er det skild mellom smålaks (<3 kg, grøn søyle), mellomlaks (3-7 kg, raud søyle) og storlaks (>7 kg, svart søyle).


Innslag av rømt oppdrettslaks

Frå sportsfisket i perioden 1999-2006 er det til saman analysert skjelprøvar av 1537 laks og 127 sjøaurar. Andelen rømt laks låg stabilt kring 30 % alle år fram til 2006, då det var ein dramatisk auke, til 46 %. Vurderinga av rømt fisk i Vikja er vanskeleg på grunn av smoltutsettingane, men andelen er heilt sikkert høg, og langt høgare enn andre elvar i regionen.



Vekst i elv og sjø

Dei fleste ville laks- og aureungane er 2-3 år i elva før dei går ut i sjøen, ved ei lengd på 11-16 cm. Sjøveksten er ulik for dei to artane, ved at laksen normalt veks ca. 30-34 cm første året i sjø, medan sjøauren veks 12-14 cm.



Laksen som gjekk ut or elva i 2004 har hatt god vekst og overleving og det har resultert i gode fangstar av smålaks i 2005 og mellomlaks i 2006. Smoltårgangen frå 2005 ser ut til å ha overlevd dårlegare i havet, og det er venta reduserte fangstar av mellomlaks i 2007, medan innsiget av storlaks kan verta betre enn på lenge.

NB! Hugs å notera på skjelkonvolutten om fisken er merka (klypt feittfinne), dette er svært viktig for å kunna skilja utsett laks frå rømd oppdrettslaks

For meir informasjon sjå www.radgivende-biologer.no



Rådgivende Biologer AS

Bredsgården, Bryggen, 5003 Bergen

Tlf: 55 31 02 78 / fax: 55 31 62 75


E-post: post@radgivende-biologer.no

www.radgivende-biologer.no

FANGST OG SKJELPRØVAR I ORTNEVIKSELVA

Fangststatistikk

Gjennomsnittleg årsfangst i perioden 1969-1997 var 20 laks med snittvekt på 2,1 kg, og 64 sjøaurar med snittvekt på 1,7 kg. Etter å ha vore freda frå 1998 vart elva opna att for fiske i 2004, og i 2006 vart det fanga 10 laks med ei snittvekt på 2,6 kg og 4 sjøaure med snittvekt på 1,3 kg. Både laks- og sjøaurefangstane er dei lågaste sidan elva vert opna att for fiske. Ortnevikselva er ikkje rekna å ha ein eigen, sjølvreproduserande laksebestand.




FIGUR 1. Fangst i antal (søyler) og snittvekt i kg (linje) av laks og sjøaure i Ortnevikselva i perioden 1969-2006. Frå 1979 er laksefangstane skild som tert (<3 kg, grøn søyle) og laks (>3 kg, blå søyle), frå 1993 er det skild mellom smålaks (<3 kg, grøn søyle), mellomlaks (3-7 kg, raud søyle) og storlaks (>7 kg, svart søyle). Elva var stengt for fiske i åra 1996-2003.

Analysar av skjelmateriale - vekst i elv og sjø

Det vart motteke skjelprøvar frå 4 laksar fanga i 2006, ingen sjøaure. Ein av laksane var ein rømt oppdrettslaks. Alle dei tre villaksane var smålaks mellom 51 og 62 cm og 1,2-2,5 kg.

Dette er andre året det er samla inn skjelprøvar frå sportsfisket i Ortnevikselva, i 2005 kom det inn skjelprøvar frå 23 laks og 5 sjøaurar. Dei fleste laksane og sjøaurane hadde vore 2-3 år i elv før dei gjekk ut i sjøen ved ei lengd på 12-16 cm. Alle laksane var smålaks som hadde vore ein vinter i sjøen, medan sjøaurane hadde vore 2 og 3 vintrar i sjøen (3-4 sjøsomrar). Sjøveksten er ulik for dei to artane, ved at laksen normalt veks ca. 30-35 cm første året i sjø, medan sjøauren veks 12-15 cm.



For meir informasjon sjå www.radgivende-biologer.no



Rådgivende Biologer AS

Bredsgården, Bryggen, 5003 Bergen

Tlf: 55 31 02 78 / fax: 55 31 62 75

E-post: post@radgivende-biologer.no

www.radgivende-biologer.no